



Vindafjord Kommune

Leseplan 1.-7. trinn

Vindafjord kommune



Innhald

Bakgrunn og formål.....	2
LESEPLAKATEN.....	4
Skule – heim	5
Skulebibliotek for 1. - 7. klasse.....	5
Bibliotektenester	5
1. trinn	6
2. trinn	9
3.-4. trinn.....	12
5.-7. trinn.....	15
Etterord	19
Vedlegg 1: Knytteneveprøven	20
Vedlegg 2: Matrise, aspekter ved lesing som skal vektleggast i alle fag.....	21
Vedlegg 3: Lesing som grunnleggende ferdighet, Udirs matrise: Å kunne lese.....	22
Vedlegg 4: Normer for funksjonell lesehastighet ved stillelesing.....	23
Vedlegg 5: Gjennomsnittleg lesehastighet ved høytlesing	24
Vedlegg 6: 100 høgfrekvente/vanlege ord - nynorsk.....	25
Vedlegg 7: 200 vanlege/høgfrekvente ord - nynorsk.....	26
Vedlegg 8: Nyttig faglitteratur og lenkjer.....	27

Bakgrunn og formål

Då leseplanen 1.-4. trinn blei laga, var det på bakgrunn av eit vaksande behov frå skular og skuleeigar å få til ein felles praksis med høg kvalitet i leseopplæringa i skulane i Vindafjord. Nå er det denne planen blitt utvida til å gjelde for 1.-7.trinn.

Målet er å betre lesedugleiken til elevane. Leseplanen er meint å vere lett tilgjengeleg og brukarvennleg for lærarane. Ein vil ikkje finne mykje teori, men mange tiltak her og planen bygger på erfaring og kunnskap basert på forskning.

Funksjonell lesedugleik er eit samspel mellom avkoding og forståing. Dette må bli vidareutvikla til at eleven kan forstå, tolke, reflektere over og vurdere stadig meir komplekse tekstar i ulike sjangrar. Lesing er ein grunnleggjande dugleik og leseopplæring er difor viktig i alle fag, på alle trinn i grunnskulen. Det er viktig å understreke at alle lærarar er leselærarar.

Positivt engasjement frå føresette er også viktig, lesedugleik kan samanliknast med kondistrening, dess meir ein trener, jo betre vert ein. Det er særskilt viktig med eit ope og godt heim/skule samarbeid slik at elevane får best mogleg utbytte av leseopplæringa.

Elevane har ulike føresetnader og er på ulike nivå. Læraren må finne ut kor den einskilde eleven er i utviklinga. Gjennom kartlegging vil ein kunne tilpasse undervisninga og få tilbakemelding på om undervisninga som blir gitt har ønska læringseffekt. Det er svært viktig at elevane si læring blir følgt opp tett for å sikre progresjon i opplæringa.

Det er rektor sitt ansvar å sjå til at planen blir tatt i bruk.

Nils Erik Eide

Kommunalsjef oppvekst

fredag 4. oktober 2019

Vindafjord kommune



Eg kan

Eg skriv ikkje fint, og eg les ikkje fort,
så meg er det lett nok å terge.
Men gjeld det å springe av stad som ein hjort,
å dukke i elva, å klatre i berget...
Jau, det kan eg greie, jau det går nok an,
om nokon vil seie dei trur at eg kan!

Eg somlar og rotar, sit aldri i fred
og får aldri ferdig ei lekse.
Men gjeld det å lokke ei mor til å le,
ein hund til å danse, ein blom til å vekse...
Jau, det kan eg greie, jau det går nok an,
om nokon vil seie dei trur at eg kan!

Eg greier mest aldri å fange ein ball,
eg spring nok, men stega er tunge.
Men gjeld det å stelle ein hest i ein stall,
ein sjuk i ei seng og ein ørliten unge...
Jau, det kan eg greie, jau det går nok an,
om nokon vil seie dei trur at eg kan!

Ingvar Moe

LESEPLAKATEN

- ✓ Alle lærarar er leselærarar.
- ✓ Lesekompetanse omfattar leseglede, lesedugleik, lese- og læringsstrategiar og informasjonskompetanse.
- ✓ Å velja den rette teksten er avgjerande for eleven sitt engasjement og læringsutbytte.
- ✓ Høgtlesing er vel anvendt tid.
- ✓ Å snakka om tekstar og bilete utviklar leseforståing.
- ✓ Effektive lese- og læringsstrategiar kan lærast. Å snakka om leseprosessen er fyrste skritt.
- ✓ Det eleven får til med rettleiing og støtte i dag, kan han få til åleine i morgon. – Gradert støtte.
- ✓ Lesing og skriving heng saman. Undervisning i skriveprosessen støttar leseprosessen.
- ✓ Innbydande omgjevnadar og lett tilgang på bøker er god lesestøtte.
- ✓ Positive forventningar og tilbakemeldingar er drivkraft i leseopplæringa.

Skule – heim

Foreldre/føresette sitt positive engasjement er viktig for eleven si leseutvikling. Dei må informerast om kva for konkrete og praktiske aktivitetar dei kan gjere heime saman med barna.

Det er viktig å ta opp lesestimulering på fyrste foreldremøte om hausten i alle klassar. På foreldremøta må ein òg ha fokus på det å bli lest for, skulebibliotek og folkebiblioteket.

Skulebibliotek for 1. - 7. klasse



Alle skulane skal ha eit skulebibliotek.

På skulebiblioteket skal det vera fagbøker og skjønnlitterære bøker på nynorsk, tilpassa elevane sitt lesenivå.

Døme: Leseland-serien (5 nivå), Bokbussen (6 nivå), Leseuniverset m.m.

Bibliotektenester

Vindafjord bibliotek har desse tilboda som kan nyttast av 1.-4. klasse i styrkinga av lesedugleik og leseglede:

- Skulestartkasse
- Besøk på foreldremøte, til vanleg i 2. kl.
- Klassebesøk med bokkasse, der det vert presentert ulike bøker tilpassa aldersgruppa, 3. og 4. klasse er prioritert
- Organisering av lesekonkurransse: t.d.«SommarLes»

1. trinn

Hovudmål:

1. **Utvikla språkleg medvit**
2. **Utvikla skriftspråklege ferdigheitar – avkoding og skriving**
3. **Utvikla leseforståing og leselede**
4. **Utvikla læringsstrategiar**

Lesing og skriftspråkkompetanse bygger på talespråket. Barn med god språkkompetanse ved skulestart har betre føresetnadar for å uttrykka seg munnleg og for å læra å lesa og skriva. Det er viktig at barna utviklar ei forståing for samanhengen mellom talespråk og skriftspråk. Når barna startar på skulen er dei på ulike stadium i leseutviklinga. Nokon kan allereie lesa med god flyt og tryggleik, og nokon kjenner kanskje berre igjen ein og annan bokstav. Skulen skal kompensera for barna sine ulike språklege føresetnadar og ulik bakgrunn.

Språkleg medvit

Elevane må leiast til språkleg og fonologisk medvit, det vil seia å forstå at språket har både ei innhaldsside og ei formside, og at ord og setningar kan delast opp i mindre delar. Formsida kan delast opp i setningar, ord, bokstavar og lydar, medan innhaldssida kan delast opp i ulike typar bodskap. Språkleikane i boka til Jørgen Frost og Annette Lønnegaard¹ fremjar slik kompetanse. Gjennom heile første trinn skal det derfor arbeidast dagleg med slike språkleikar i 15-20 min. Språkleikar og arbeid med språkleg og fonologisk medvit skal repeterast med jamne mellomrom gjennom heile småskuletrinnet.

Bokstavinnlæring

Med støtte frå nyare teori og forskning² skal ein ta til med bokstavinnlæring frå skulestart. Alle bokstavane, både små og store, skal vera gjennomgått før jul. Det vert anbefalt å introdusera to-tre bokstavar i veka. Øktene med bokstavintroduksjon treng ikkje å vera lange. Det vert anbefalt ca. 15-20 min. per dag fordelt på korte økter á nokre minutt. Det vert då tid til mange repetisjonar gjennom skuleåret, som òg er ein fordel for barn med liten eller ingen bokstavkunnskap. Eit tilstrekkeleg tal på repetisjonar av koplinga bokstav-lyd er ofte viktig for desse elevane. Med dette vil elevane oppnå ein meir sikker bokstavkunnskap og kjem tidlegare i gong med å lesa. Det vil bli lettare for læraren å sjå kven som meistrar dei ulike bokstavane og kven som treng ekstra trening. Ein vil òg raskare oppdaga dei som står i fare for å utvikla lese- og skrivevanskar.

Læraren modellerer rett skriving av bokstavane etter kvart som dei vert presentert, men kravet til «rett» forming/skriving av bokstavar hjå elevane må nedprioriterast. Det er viktig at dei fyrst har forstått kva dei skal bruka bokstavane til. Tidspunktet for når barna skal byrja å øva rett form på bokstavane må tilpassast kvar enkelt. Desse øvingane må sjåast uavhengig av barna si spontane friskriving. I friskrivinga må me vera varsame med å kritisera barna si skrift. Heilt frå starten av 1. trinn må barna få skriva mykje etter lystprinsippet, både med si eiga skrift og digitalt. I begynnaropplæringa heng lesing og skriving tett saman, derfor er skriftspråklege ferdigheiter berre tatt med på 1. og 2. trinn.

¹ «Språkleker», J. Frost og A. Lønnegaard, Cappelen Damm 1996

² «Å lykkes med lesing: Tidlig innsats og tilpasset leseopplæring», K. Lundetræ og F. E. Tønnessen, Gyldendal 2014

Ordforråd

I løpet av året skal elevane på 1. trinn møta tale og skriftspråk i så stor grad som mogleg. Det vil seie at samtalar, omgrepforklaringar, forteljingar, fellesopplevingar, høgtlesing og tekstskaping skal ha høg prioritet. Ordforråd er eit like viktig aspekt som ordavkodning og staving, og det har ein stor innverknad på seinare leseforståing. Vokabulartrening utgjer derfor ein viktig del av leseopplæringa. Dette må det arbeidast med dagleg, og i alle fag.

Hovudmål 1: Utvikla språkleg medvit

Delmål innan utgangen av 1. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Utvikla forståing for at språket har ei form- og innhaldsside • Forklara kva ei setning, eit ord og ei staving er • Lytta ut lydar: Fyrst, inni og sist i ord • Legga til og ta bort lydar i ord • Dela ord i mindre stavingar (morfem – staving – lyd) • Finna grunnstamma (morfemet) i ord • Forklara kva eit samansett ord er • Trekka saman lydar til ord i munnlege aktivitetar 	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka språkleikar dagleg.³ • Dagleg utforska språk og omgrep der det vert lese, skrive, snakka og leika med ord • La elevane møta store og små bokstavar og skrift • Følgja Lundberg og Herrlin si utvikling av fonologisk medvit⁴, punkt 1-9 s. 22-23 (sjå vedlegg 1) • Tilpassa opplæringa etter resultat frå kartlegging (jfr. kommunal plan)

Hovudmål 2: Utvikla skriftspråklege ferdigheitar – avkodning og skrivning

Delmål innan utgangen av 1. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Kjenna leseretninga • Utvikla sikker lyd-bokstavforbinding og læra å bruka bokstavane i skriftspråklege samanhengar • Forstå samanhengen mellom språklydar og bokstavar • Kjenna igjen og kalla fram igjen store og små bokstavar • Knyta namn og lyd til alle bokstavane • Skilja mellom vokalar og konsonantar • Trekka saman lydar til ord/non-ord med og utan visuell støtte • Lesa nokre høgfrekvente ikkje-lydrette ord ortografisk 	<ul style="list-style-type: none"> • Dagleg utforska språk og omgrep der det vert lese, skrive, snakka og leika med ord • Gjennomgå alle bokstavane før jul (store og små) • Følgja Lundberg og Herrlin si utvikling av ordavkodning⁵, punkt 1-9 s. 22-23 (sjå vedlegg 1) • Setta av tid til høgtlesing kvar dag • Skriva tekstar felles • Bruka digitale verktøy, til dømes skrive seg til lesing (STL⁺) og Ipad med høvelege appar • Tilpassa opplæringa etter resultat frå kartlegging (jfr. kommunal plan)

³ «Språkleker», J. Frost og A. Lønnegaard, Cappelen Damm 1996

⁴ Frå skjema «Elevens leseutvikling» i boka «God leseutvikling», I. Lundberg og K. Herrlin, Cappelen Damm 2008

⁵ Frå skjema «Elevens leseutvikling» i boka «God leseutvikling», I. Lundberg og K. Herrlin, Cappelen Damm 2008

Hovudmål 3: Utvikla leseforståing og leseglede

Delmål innan utgangen av 1. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Vurdera hensikt og mål for lesinga (i samarbeid med lærar) • Lundberg og Herrlin si utvikling av leseforståing (kopieringsoriginal 1⁸, sjå vedlegg 1): <ol style="list-style-type: none"> 1) Avkoder enkle ord og forstår hva de betyr 2) Leser en enkel setning og forstår innholdet 3) Leser en lengre setning og forstår innholdet 4) Spør hva nye ord betyr 5) Leser enkle hele tekster med forståelse 6) Samtaler og stiller spørsmål om det som er lest 7) Knytter det som leses til egne erfaringer og tidligere kunnskap • Spørja når det er noko dei ikkje forstår • Gjenfortelja munnleg • Bruka eit situasjonsavhengig språk • Oppleva glede, vera nysgjerrig på og ha interesse for bøker 	<ul style="list-style-type: none"> • Utnytta naturlege situasjonar til språk- og erfaringsbasert omgrepsstimulering dagleg (Omgrepskart⁶) • Utvida ordforrådet gjennom dagleg vokabulartrening • Høgtlesing frå lærar med samtale • Høgtlesing: <ul style="list-style-type: none"> ○ Rettleia lesing ○ Som vert overvaka av ein vaksen ○ Frivillig høgtlesing i klassen ○ Korlesing ut frå nivå • Trena munnleg framstilling av kjente tema i eit situasjonsuavhengig språk • Sjå gode dømer på arbeidsmåtar (sjå lenke til filmar frå lesesenteret⁷) • Presentera ulike sjangrar som eventyr, rim, regler, gåter, vitsar, dikt, fakta, lister og plakatar m.m. • Legga til rette for leseaktivitetar og ha rikeleg og lett tilgang til tilpassa og variert lesestoff • Bli kjent med skulebiblioteket og ha gode låneordningar

Hovudmål 4: Utvikla læringsstrategiar

Delmål innan utgangen av 1. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Har medvit rundt dei ulike føremåla for lesinga: <ul style="list-style-type: none"> ○ Lesa for å læra ○ Lesa for å oppleva • Kunna enkle måtar å strukturera arbeidet sitt på 	<ul style="list-style-type: none"> • Kategorisera ord og omgrep t.d. gjennom omgrepskart, tankekart og to-kolonnenotat • Aktivera forkunnskap, B + O = BO (Bilete + Overskrift) • Læresamtale (lærer-elev, elev-elev) • Gjenforteljning, gjenkalling • Stryka ut og kryssa av kva dei har arbeidd med • Bruka læringstrappa, sjå vedlegg 5

⁶ Tankekart eller andre læringsstrategiar

⁷ Filmar frå Lesesenteret til begynnarpplæringa: <http://lesesenteret.uis.no/category.php?categoryID=13579&s=13579>

⁸ Frå skjema «Elevens leseutvikling» i boka «God leseutvikling», I. Lundberg og K. Herrlin, Cappelen Damm 2008

2. trinn

Hovudmål:

1. Vidareutvikla språkleg medvit
2. Utvikla skriftspråklege ferdigheitar – avkoding og skriving
3. Utvikla strategiar og teknikkar for leseforståing og skapa leseglede
4. Utvikla læringsstrategiar

I starten av 2. skuleår vil mange av elevane kunna lesa og skriva slik at andre forstår innhaldet. Nokre vil framleis vera fonologisk usikre. Dette må tyda på meir individuell tilpassing med målretta arbeid i barnet si næraste utviklingssona. Denne tilpassinga er avgjerande for at den enkelte skal oppleva mestring, utvikla sjølvtilit og få motivasjon. Samspel og kommunikasjon må gjennomsyra skuledagen slik at alle naturlege situasjonar vert nytta til samtale, omgrepsforklaring, skriving og lesing på eleven sitt nivå. På 2. trinn må lesing og skriving i større grad enn tidlegare verta ein naturleg del av alle timane uansett fag. Det er viktig å leggja vekt på ein lesemetode der ein vekslar mellom bruk av lydering og heilord.

Språkleg medvit

Elevane må vidareutvikla språkleg og fonologisk medvit, det vil seia å forstå at språket har både ei innhaldsside og ei formside, og at ord og setningar kan delast opp i ulike typar bodskap. Språkleikane til J. Frost og A. Lønnegaard⁹ fremjar slik kompetanse. Det må òg jobbast dagleg med dette i 2. klasse. Språkleikar og arbeid med språkleg og fonologisk medvit skal det arbeidast med gjennom heile småskuletrinnet.

Bokstavkunnskap

Alle bokstavane er gjennomgått og repetert i 1. klasse. Nokre elevar har trygg bokstavkunnskap medan andre treng fleire repetisjonar. Eit tilstrekkeleg tal på repetisjonar av kopling bokstav-lyd er viktig. Med dette vil elevane oppnå ein meir sikker bokstavkunnskap. Lærar må vita kven som meistrar dei ulike bokstavane, og kven som treng ekstra trening. Det blir viktig å differensiera undervisninga.

Rett forming og skriving av bokstavar må no få større fokus enn i 1. klasse. Desse øvingane må sjåast uavhengig av barna si spontane friskriving. I friskrivinga må me vera varsame med å kritisera barna si skrift. Dei må få skriva etter lystprinsippet, både med si eiga skrift og digitalt.

Høgfrequente ord og bokstavkombinasjonar/grafem

For å utvikla skriftspråklege ferdigheiter (avkoding og skriving) er det viktig at barna lærar seg å kjenna igjen korte, vanlege ord med ein gong utan at dei treng å lydera dei. Når barna meistrar det, kan ein lese ein tekst raskare og meir flytande¹⁰. Lika viktig er det å øva inn lyd for bokstavkombinasjonar, slik at elevane blir medvitne at nokon av desse vert uttalt som ein lyd (ai, ei, au, øy, gj-, hj-, kj-, skj-, sj-, tj-, -nk og -ng).

⁹ «Språkleker», J. Frost og A. Lønnegaard, Cappelen Damm 1996

¹⁰ «God leseutvikling», I. Lundberg og K. Herrlin, Cappelen Damm 2008

Ordforråd

I løpet av året skal elevane på 2. trinn møta tale og skriftspråk i størst mogleg grad. Samtalar, omgrepsforklaringar, forteljingar, fellesopplevingar, høgtlesing og tekstskaping skal ha høg prioritet. Ordforråd er eit like viktig aspekt som ordavkodning og staving, og det har stor innverknad på leseforståinga. Vokabulartrening utgjer derfor ein viktig del av leseopplæringa. Dette må det arbeidast med dagleg, og i alle fag.

Hovudmål 1: Vidareutvikla språkleg medvit

Delmål innan utgangen av 2. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Forstå at språket har ei form- og ei innhaldsside • Forklara kva ei setning, eit ord og ei staving er • Lytta ut lydar: Fyrst, inni og sist i ord • Legga til og ta bort lydar i ord • Dela ord inn i mindre delar (morfem – staving – lyd) • Finna grunnstamma (morfemet) i ord • Forklara kva eit samansett ord er • Trekka saman lydar til ord i munnlege aktivitetar • Meistra fonembyte 	<ul style="list-style-type: none"> • Nødvendig repetisjon frå 1. trinn • Halda fram med språkleikar dagleg¹¹ • Dagleg utforska språk og omgrep der det vert lese, skrive, snakka og leika med ord • Følgja Lundberg og Herrlin si utvikling av fonologisk medvit¹² i forhold til der eleven er i si utvikling, s. 22-23 (sjå vedlegg 1) • Tilpassa opplæringa etter resultat frå kartlegging (Jfr. kommunal plan)

Hovudmål 2: Utvikla skriftspråklege ferdigheitar – avkodning og skriving

Delmål innan utgangen av 2. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Bruka bokstavane i skriftspråklege samanhengar • Kjenna igjen og kalla fram igjen store og små bokstavar • Setta lyd til ulike bokstavkombinasjonar/grafem • Skilja mellom vokalar og konsonantar • Trekka saman lydar til ord/non-ord med og utan visuell støtte • Lesa nokre høgfrequente lydrette og ikkje-lydrette ord ortografisk • Lesa tilpassa tekstar med flyt og intonasjon • Uttrykka eigne tekstopplevingar 	<ul style="list-style-type: none"> • Dagleg utforska språk og omgrep der det vert lese, skrive, snakka og leika med ord • Følgja Lundberg og Herrlin si utvikling av ordavkodning¹³, punkt 1-9 s. 22-23 (sjå vedlegg 1) • Arbeida med komplekse bokstav/lyd-kombinasjonar (ai, ei, au, øy, gj-, hj-, kj-, skj-, sj-, tj-, -ng, og -nk). • Repetera og automatisera vokalar, konsonantar og diftongar • Arbeida med deling i stavingar • Arbeida med forstavingar og endingar og med å finna rotmorfem/grunnstamma i ord • Arbeida systematisk med dei 100 mest høgfrequente orda (sjå vedlegg 3) • Ha tilgang til eit utval bøker/tekstar av ulik vanskegrad – knyttneveregelen, sjå vedlegg 6 • Setta av tid til høgtlesing kvar dag • Dagleg lesing tilpassa nivå • Bruka digitale verktøy åleine eller saman med andre • Å uttrykka eigne tekstopplevingar gjennom ord, teikning, song og ande estetiske uttrykk <ul style="list-style-type: none"> • Tilpassa opplæringa etter resultat frå kartlegging (Jfr. kommunal plan)

¹¹ «Språkleker», J. Frost og A. Lønnegaard, Cappelen Damm 1996

¹² «God leseutvikling», I. Lundberg og K. Herrlin, Cappelen Damm 2008

¹³ Frå skjema «Elevens leseutvikling» i boka «God leseutvikling», I. Lundberg og K. Herrlin, Cappelen Damm 2008

Hovudmål 3: Utvikla strategiar og teknikkar for leseforståing og skapa leseglede

Delmål innan utgangen av 2. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Vurdere hensikt og mål for lesinga • Samtala om ulike sjangrar som eventyr, rim, regler, gåter, vitsar, dikt, fakta, lister og plakatar m.m. • Forstå tydinga av nokre kjente ordtak og uttrykk • Finna skjønnlitteratur og sakprosa på skulebiblioteket til eiga lesing • Kjenna til språklege verkemiddel som overskrifter, illustrasjonar og faktaboksar • Bruka forkunnskapar • Forstå og tolka det som vert lese og bruka eigne ord samt trekka slutningar ut frå informasjon i tekst • Lytta til tekstar på bokmål og nynorsk og kunna gjenfortelja innhaldet • Laga spørsmål til tekst, og svara på dei • Oppleva glede ved, vera nysgjerrig på og ha interesse for bøker 	<ul style="list-style-type: none"> • Presentera ulike sjangrar som eventyr, rim, regler, gåter, vitsar, dikt, fakta, lister og plakatar m.m. • Bruka læringssamtalar, modellering, dialog i heile klassen og med kvar enkelt elev • Arbeida med førforståing, innhaldsforståing og danna hypotesar • Samtala om språk, omgrep og innhald (vokabulartrening) • Arbeida medvite og systematisk med omgrep ut frå barnet sine eigne erfaringar • Utvida forståing av ord i eleven sine lesetekstar ved hjelp av synonym og antonym • Dagleg lesing • Ha tilgjengeleg eit utval bøker og tekstar av ulik vanskegrad - knyttneveregelen (sjå vedlegg 6) • Bruka eigenproduserte tekstar til lesing • Høgtlesing: <ul style="list-style-type: none"> ○ Frå lærar (dagleg og med samtale) ○ Rettleia lesing ○ Som vert overvaka av ein vaksen ○ Frivillig høgtlesing i klassen ○ Korlesing ut frå nivå • Gjenfortelja tekstar munnleg, skriftleg eller med teikning • Sjekk og bruk Lundberg og Herrlin si utvikling av leseforståing¹⁴, s. 22-23 (sjå vedlegg 1) • Bruka enkle testar for å finna den enkelte sitt mestringsnivå og eventuelle avsporingar i leseutviklinga • Legga til rette for leseaktivitetar og ha rikeleg og lett tingang til tilpassa og variert lesestoff • Bruka skulebiblioteket, gode låneordningar

Hovudmål 4: Utvikla læringsstrategiar

Delmål innan utgangen av 2. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Har medvit rundt dei ulike føremåla for lesinga: <ul style="list-style-type: none"> ○ Lesa for å læra ○ Lesa for å oppleve ○ Lesa for å gjera • Aktivera forkunnskap • Kunna enkle måtar å strukturera arbeidet sitt på 	<ul style="list-style-type: none"> • Kategorisera ord og omgrep, t.d. gjennom tankekart, strukturert tankekart, to-kolonnenotat, nøkkelord m.m. • Gjenforteljing, gjenkalling • Stryka og kryssa av det dei har arbeidd med • Bruka læringstrappa, sjå vedlegg 5

¹⁴ «God leseutvikling», I. Lundberg og K. Herrlin, Cappelen Damm 2008

3.-4. trinn

Hovudmål:

1. **Utvikla flytande og automatisert lesing**
2. **Utvikla strategiar og teknikkar for leseforståing og skapa leseglede**
3. **Utvikla læringsstrategiar**

Elevane skal no vera ferdig med den grunnleggande begynnarpplæringa, og vil vera klare for å nytta desse kunnskapane i sitt eige tempo. Det er svært viktig at dei elevane som heng etter med omsyn til grunnopplæringa, vert fanga opp og får ekstra støtte og hjelp gjennom tilpassa opplæring. Leseutvikling og skriveutvikling heng nøye saman, men skriving vert ikkje særleg vektlagt i denne planen.

Utvikla flytande og automatisert lesing

Å kunna lesa vanlege ord raskt, sikkert og utan å anstrenge seg er ein nødvendig føresetnad for å oppnå leseflyt. Men det er viktig å påpeika at det å kjenna igjen ord raskt i seg sjølv ikkje er eit direkte uttrykk for flyt. Med flyt meiner me at ein kan lesa tekstar på eit nivå over ordnivået – ein les setningar, avsnitt og lengre sekvensar i eit passeleg tempo og med god setningsmelodi. Som eit fyrste steg i utredninga av kor flytande eleven les, kan ein likevel sjå kor sikkert og raskt ordlesinga går. Dersom eleven må lydera, er det eit teikn på at ordavkodinga kjem til å hindra flyten når eleven skal lesa ein tekst (Sjå «God leseutvikling», s. 49¹⁵).

Utvikla strategiar og teknikkar for leseforståing

Lesestrategiar er alle dei tiltaka lesaren kjenner til og kan setta i verk for å fremma leseforståing. Det er viktig at elevane kan undra seg, tolka, vurdera og reflektera over innhald i ulike tekstar.

Å avkoda ord utan å forstå dei er ikkje det same som å lesa. Forståing inneber at ein har nådd fram til ei indre, mental «ordbok» der ordet si tyding ligg lagra. Ordforståing er avgjerande for leseforståinga. Dersom 20% av orda i ein tekst er ukjente, vert det knapt mogleg å forstå teksten, uansett kor godt avkodinga fungerer (knyttneveregelen, sjå vedlegg 6). Samstundes må me gje elevane lesemotstand. Å lesa med forståing vil seia å kunna bruka lesestrategiar variert og fleksibelt, samt til refleksjon og metakognisjon.

Utvikla læringsstrategiar

«Lesing er det viktigste redskapet man har for å tilegne seg kunnskap. Å utvikle læringsstrategier handler om å lære elevene å bruke lesing til dette formålet. Elevene skal lære seg forskjellige arbeidsformer og strategier for å oppnå et godt læringsresultat. De skal lære seg å bruke, velge og vurdere arbeidsformer og læringsstrategier slik at de forstår hva de kan, hva de ikke kan, og hva de kan gjøre for å tilegne seg de kunnskaper de trenger»¹⁶.

¹⁵ «God leseutvikling», I. Lundberg og K. Herrlin, Cappelen Damm 2008

¹⁶ Frå prosjekt CRIS: «Lære å lære», C. Santa (forfattar) L. Engen (gjendiktar), Stiftelsen dysleksiforsking 2003

Hovudmål 1: Vidareutvikla språkleg medvit

Delmål innan utgangen av 4. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Bruka strategiar for lesing av vanskelege ord • Lesa vanlege ord med automatikk • Lesa setningar med flyt, sikkerheit, intonasjon og forståing • Lesa ei heil bok på eiga hand med tekst og færre bilete • Kunna finna og lesa tekstar på internett 	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeida med språkleg medvit <ul style="list-style-type: none"> ○ Stavingar, bokstav-lyd, bokstavkombinasjon-lyd (ng, kj m.m.), morfem (grunnstamma i ord, samansette ord, endingar) ○ Ta bort og leggja til lydar i ord • Arbeida systematisk med dei 220 mest høgfrequente orda (sjå vedlegg 4) • Lesa dagleg • Lesa på ulike måtar: Lærarassistert høgtlesing, parlesing, korlesing, repetert lesing, rettleia lesing • Bruka digitale verktøy

Hovudmål 2: Utvikla strategiar og teknikkar for leseforståing og skapa leseglede

Delmål innan utgangen av 4. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Lesa med medvit: For å læra, gjera, oppleva • Ta i bruk forkunnskapar og skaffa seg overblikk over teksten før lesing • Lesa tekstar på bokmål og nynorsk • Lesa for å tileigna seg opplevingar, kunnskap og informasjon i alle fag • Finna informasjon ved å kombinera ord og illustrasjonar i tekstar på skjerm og papir • Knyta det som vert lese til eigne erfaringar og tidlegare kunnskap • Samtala om innhaldet i ein tekst • Lesa mellom linjene og trekka slutningar • Lesa kritisk og reflektert • Oppfatta «den raude tråden» i ein tekst • Overvaka eigen leseprosess og ha metakognitive ferdigheiter: <ul style="list-style-type: none"> ○ Vita når dei forstår og ikkje forstår ○ Kan gjera noko aktivt når forståinga sviktar – lesa på nytt, slå opp ukjente ord m.m. • Bruka skulebibliotek og internett • Oppleva glede ved, vera nysgjerrig på og ha interesse for bøker 	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeida med tekststrukturelle verkemiddel (bilete, overskrift m.m.) • Lesa tekstar av ulik sjanger: Eventyr, rim, gåter, vitsar, dikt, fakta, lister, brev, avis intervju, forteljing osv. • Lesa ikkje-kontinuerlege tekstar: Tabellar, diagram, statistikk, brukarretteiingar m.m. • Dagleg lesing på papir og/eller skjerm • Arbeida med ordforråd/vokabulartrening • Arbeida med skriverammer¹⁷ • Samtala om og stilla spørsmål til innhaldet i ein tekst • Systematisk bruk av skulebibliotek og oppmuntra til bruk av folkebiblioteket

¹⁷ Forslag til skriverammer frå Skrivesenteret: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/skriverammer/>

Hovudmål 3: Utvikla læringsstrategiar

Delmål innan utgangen av 4. trinn	Tiltak
<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikla tidlegare innførte læringsstrategiar: Aktivera forkunnskapar, ordkart, tankekart, gjenfortelja, samandrag • Bli kjent med og prøve ut fleirkolonnenotat, spoletekst, VØL og venndiagram • Finna nøkkelord i ein tekst • Dra nytte av tekststrukturelle verkemiddel som bilete, overskrift, kursiv 	<ul style="list-style-type: none"> • Aktiv modellering og bruk av læringsstrategiar i alle fag • Bruka læringstrappa, sjå vedlegg 5

5.-7. trinn

Hovudmål

1. Meistre flytande og automatisert lesing.
2. Meistre strategisk lesing for å tileigne seg opplevingar, kunnskap og informasjon.
3. Utvikle lesemotivasjon.

Når elevane byrjar på mellomtrinnet aukar årstimetalet, og talet på norsktimar vert markant redusert. Elevane får ofte fleire faglærarar, og ansvaret for leseopplæringa vert fordelt på fleire. Det er viktig å ha ei felles forståing av at alle lærarar er leselærarar og difor er samarbeidet om leseopplæringa viktig. Det handlar i større grad om å lese på ulike måtar og til ulike formål i alle fag. Vi har difor ikkje fokus på kompetansemål i norsk etter 7.trinn.

Utvikling av funksjonell leseferdigheit er eit samspel mellom forståing og avkoding. Leseutvikling krev gode strategiar for å kunne søkje og bearbeide informasjon. Arbeid med ulike teksttypar i fag, er difor heilt avgjerande for å utvikle funksjonell leseferdigheit.

Ordforråd/vokabular er ein av dei viktigaste faktorane for å utvikle god leseforståing. Elevar som ikkje har utvikla tilfredstillande leseferdigheit (avkoding og/eller forståing) i forhold til sitt trinn, må kartleggast. Det må setjast inn tiltak ut frå eleven sitt lesenivå (sjå mål og tiltak frå 1.-4.trinn).

Motivasjon og meistring er viktig for å utvikle gode leseferdigheiter. Ein må gi elevane moglegheit til å lukkast ved at vanskegraden til ei kvar tid er tilpassa kompetansen til eleven.

Modellering er viktig i all læring. Alle lærarar må vise og gi øving i dei ulike lesestrategiane, slik at alle elevane får nok kunnskap til å kunne bruke desse på ein hensiktsmessig måte.

Det vert oppmoda å ta i bruk «Rammeverk for grunnleggande ferdigheter» som beskriv korleis kompetanse vert utvikla innanfor ferdigheita lesing¹⁸.

¹⁸ [Rammeverk for grunnleggande ferdigheter](#) Udir har utgitt i rammeverk for grunnleggande ferdigheter. Det er eit grunnlagsdokument som definerer dei fem grunnleggande ferdigheitene, skisserer deira funksjon og beskriver progresjonen i kvar av dei fem nivå.

Hovudmål 1: Meistre flytande og automatisert lesing.

Delmål innan utgangen av 7. trinn	Tiltak
<p>Eleven skal kunne:</p> <ul style="list-style-type: none"> • meistre ortografisk lesing (kjenne igjen ord hurtig og korrekt) <ul style="list-style-type: none"> ○ arbeide vidare med form og innhald i språket 	<p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • nytte til dømes AskiRaski i arbeid med språklege detaljar som stavingar, morfem (minste meningsberande eining i språket), bøyning av ord, høgfrekvente ord, ikkje regelrette ord, parate ordbilete, komplekse ord m.m. (sjå tiltak 1.-4.trinn) • arbeide med struktur og syntaks i setningar og tekstar (grammatikk, refleksjon, tolking og analyse) • bruk av kartlegging/testar for å finne kvar enkelt sitt meistringsnivå for å tilpasse leseopplæringa • utvide ordforrådet ved å arbeide med synonym, antonym, homonym og kategorisering av ord i alle fag. • arbeide systematisk med å utvikle ordforråd i alle fag.
<ul style="list-style-type: none"> • plassere både trykk og tonefall på ein måte som viser at dei kjenner tydinga av enkeltord, meningsberande uttrykk og setningar • forstå ord og uttrykk i ulike samanhengar <ul style="list-style-type: none"> ○ utvikle situasjons-avhengig¹⁹ forståing av ord ○ utvikle situasjons-uavhengig²⁰ forståing av ord • utnytte informasjon frå komma, punktum, utrops-, spørje- og hermeteikn og vurdere kvar det er naturleg å legge inn pausar • variere stemma for å framheve sentrale poeng. • ha kunnskap om seg sjølv og sine leseferdigheiter • ta stilling til om ein tekst vil vera mogleg å forstå 	<ul style="list-style-type: none"> • bruke egne livserfaringar og knyte nytt tekstinnehald til eigen erfaringsbakgrunn • modellering ved at lærar les høgt • assistert høgtlesing: <ul style="list-style-type: none"> ○ korlesing ○ medlesing ○ parlesing ○ veksellesing ○ repetert lesing ○ lesestafett ○ lese med ulike stemmer • mengdelesing – bruke tekstar tilpassa eleven sitt nivå (Knyteneveprøva) <ul style="list-style-type: none"> ○ Ha tilgjengeleg eit variert og oppdatert utval av bøker og lydbøker ○ Setje av tid til individuell lesing kvar dag

¹⁹ Situasjons-avhengig forståing: ord kan ha ulik tyding ut frå samanhengen det står i (ei rose – å rose).

²⁰ Situasjons-uavhengig forståing: forståing av at eit ord kan ha ulik tyding utan å sjå ordet i ein samanheng.

Hovudmål 2: Meistre strategisk lesing for å tileigne seg opplevingar, kunnskap og informasjon.

Delmål innan utgangen av 7. trinn	Tiltak
<p>Eleven skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • lære å bruke ulike lesestrategiar for å forstå og hugse • Eleven skal utvikle følgjande lesestrategiar: <ul style="list-style-type: none"> ○ Repeteringsstrategiar for å velje ut og repetere informasjon frå ein tekst som ein ønsker å hugse ○ Utdjupingsstrategiar for å få ei heilskapleg og god meining ut frå teksten ○ Organiseringsstrategiar for å skape ei oversikt over tekstinnehaldet slik at ein får ei djup forståing og god læring ○ Overvaksingsstrategiar for å kunne vurdere og kontrollere eiga leseforståing <p>Eleven skal kunne:</p> <ul style="list-style-type: none"> • lese og navigere hensiktsmessig på internett • vurdere om kjeldene er truverdige • tolke og forstå innhald som er uttrykt både eksplisitt²¹ og implisitt²² i tekstar 	<p>Progresjon:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Lærer modellerer 2. Elevane kopierer og gjer saman med andre 3. Elevane arbeider sjølvstendig med hjelp og støtte 4. Elevane bruker lesestrategiar sjølvstendig og spontant <ul style="list-style-type: none"> • Døme på repeteringsstrategiar: <ul style="list-style-type: none"> ○ streke under ord og setningar i teksten ○ skrive av sentrale setningar og avsnitt frå tekste ○ lese delar av teksten om att fleire gonger ○ bruke visuelle haldepunkt for å hugse (illustrasjonar, fargar, ordbilete/logoar, bokstavformer og lengde på ord) • Døme på utdjupingsstrategiar: <ul style="list-style-type: none"> ○ aktivere bakgrunnskunnskap ○ ulike læringsstrategiar ○ bruke illustrasjonar, overskrifter og nøkkelord i teksten. ○ stille spørsmål og søke etter svar i teksten ○ føregripe det som kjem og tenke framover kva som vil skje ○ samanfatte innhald i teksten med «eigne ord» gjennom samtale, attfortelje, illustrasjonar, leik, rollespel, samandrag m.m. • Døme på organiseringsstrategiar: <ul style="list-style-type: none"> ○ skaffe seg ei oversikt over lærestoffet ○ nøkkelord, tankekart, ordkart, kolonnenotat, rammenotat/samskjema/venndiagram (samanlikning), omgrepkart, prosessnotat (rekkefølge i ei forteljing/ eit tekststykke), styrkenotat m.m. • Døme på overvaksingsstrategiar: <ul style="list-style-type: none"> ○ vurdere vanskegraden på ein tekst (knyteneveprøva) ○ overvake, stoppe opp og foreta oppklaringar når ein møter ord ein ikkje forstår. Bruke fem trinn for ordoppklaring: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kva kan ordet tyde i denne samanhengen? ▪ Kva kan ordet tyde i denne setninga? ▪ Kva tyder delane i ordet? ▪ Kva står i ordboka? ▪ Korleis kan eg forklare ordet i denne samanhengen? ○ stille seg sjølv spørsmål frå teksten utan å ha tilgang til boka ○ attfortelje tekstinnehaldet for nokon andre ○ samtale om innhaldet • modellering. • aktivere bakgrunnskunnskap • ikt plan, dubestemmer

²¹ Eksplisitt: klar, tydeleg, uttrykkeleg

²² Implisitt: ikkje bevisst, skjult

Hovudmål 3: Utvikle lesemotivasjon

Delmål innan utgangen av 7. trinn	Tiltak
<p>Eleven skal kunne:</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvikle ein indre motivasjon og engasjement for lesing <ul style="list-style-type: none"> ○ bli bevisst på kva dei likar å lese. ○ utvikle forståing for at lesing er viktig for vidare tileigning av kunnskap. ○ utvikle kunnskap om eigen leseferdigheit slik at elevane vert i stand til å overvake eiga språkforståing. ○ forklare eigne resultat ut frå innhald/tekst, innsats og bruk av strategiar. 	<ul style="list-style-type: none"> • tilgang til oppdatert litteratur som er tilpassa elevane sine leseferdigheiter. • tilgang til ulik type litteratur: skjønnlitteratur, faktabøker, småbøker, tidsskrifter, teikneseriar, aviser og fagbøker. • lese sjølvvalt litteratur jamleg under tett oppfølging av lærar. <ul style="list-style-type: none"> • få konkrete tilbakemeldingar frå lærar på innsats, strategibruk og val av tekst. • setje klare mål for kvar enkelt elev og korleis dei skal arbeide for å nå måla. • påverke leseforståing ved bruk av strategiar og bakgrunnskunnskap. • tilpassa lesing med klar lesebestilling²³ slik at elevane blir meir aktive i forhold til eiga lesing. <p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ leseflyt ○ avkoding ○ samtale om innhald i teksten <ul style="list-style-type: none"> • høgtlesing <ul style="list-style-type: none"> ○ lærar les høgt for elevane ved jamne mellomrom. ○ lese høgt for elevar og vaksne med jamne mellomrom. ○ lese for kvarandre og gje tilbakemeldingar etter gitte kriterier. ○ diskutere innhald og stille spørsmål • jamleg skape interesse for litteratur og stimulere til leseglede td. gjennom leseprosjekt, bruk av bibliotek og andre ressurspersonar <p>Systematisk arbeid med strategisk lesing bidreg til auka lesemotivasjon. Sjå tiltak under hovudmål 2.</p> <ul style="list-style-type: none"> • leggje til rette for at fleispråklege elevar vert motivert ved å få ein positiv tilnærming til lesing på morsmålet.

²³ Kåre Kverndokken 2012: 101 måter å lese leseleksa på, Fagbokforlaget – om lesing, lesebestillinger og tekstvalg

Etterord

Lykke til med arbeidet som leselærer, du er viktig for at elevane skal lære å lesa. Ein les i alle fag på skulen, og ein les gjennom heile livet. Leseleda kjem sjeldan av seg sjølv, den må bli stimulert. Og jo dess meir du les, dess flinkare og meir funksjonell lesar blir du. Alle har behov for å meistre lesing og forstå innhaldet av ulike typar tekstar for å kunna delta og bidra i samfunnet.

Håper du som lærar finn nytte i å bruke denne planen!

Vedlegg 1: Knytteneveprøven

Knyttneveprøven

1. Vel deg ei bok
2. Les på ei av sidene i boka
3. Bøy inn ein finger når:
 - A. eit ord er vanskeleg å lesa
 - B. eit ord er vanskeleg å forstå
4. Har du bøygd heile handa før sida er lest ferdig kan du:
 - A. prøva ei sida til
 - B. finna ei lettare bok
 - C. seia ifrå til læraren din



Etter Liv Engen og Lise Hestevold 2006 og Susan M. Glaze

Vedlegg 2: Matrise, aspekter ved lesing som skal vektleggast i alle fag

Matrisen under viser kva for aspekt ved lesing som skal vektleggast i alle fag²⁴

Fag	Aspekt ved lesing	Teksttypar og meningskapende ressursar
Engelsk	Lese med flyt og forståing, utforske, lære av, reflektere, skaffe seg innsikt.	Ulike typer engelskspråklige tekster av varierende lengde og kompleksitet.
Framandspråk	Forstå, utforske og reflektere	Stadig meir krevende tekster.
Kroppsøving	Hente, tolke, forstå informasjon og vurdere	Fagspesifikke tekster, kart og symboler
Kunst og handverk	Tolke, lese og forstå	Tegn og symboler, ulike tekstuttrykk, diagrammer, visuelle representasjoner, bruksanvisninger og arkitektttegninger
Musikk	Tolke og forstå	Musikalske uttrykk, symboler, tegn og former for notasjon. Lesing av tekster
Mat og helse	Granske, tolke, reflektere, vurdere kritisk	Faglige tekster: oppskrifter, bruksveiledninger, varemerking, reklame, informasjonsmateriell
Matematikk	Finne informasjon, forstå og bruke symbolspråk og uttrykksformer, sortere, reflektere, analysere, sammenfatte informasjon frå ulike element, vurdere form og innhald	Tekster frå dagligliv og yrkesliv, sammensatte tekster som inneholder matematiske uttrykk, grafer, diagram, tabeller, symbol, formler, logiske resonnement.
Naturfag	Forstå og bruke naturfaglige begreper, symboler, figurer, argumenter, kunne identifisere, folke, bruke og sammenligne informasjon, kritisk vurdere troverdighet og relevans.	Sammensatte tekster i bøker, aviser, bruksanvisninger, regelverk, brosjyrer og digitale kilder.
Norsk	Få innsikt, finne informasjon, forstå, forholde seg kritisk og selvstendig til, tolke, reflektere over og vurdere.	Bredt utval sjangre frå nåtid og fortid på skjerm og papir
RLE	Opplive, forstå, innhente informasjon, tolke, reflektere	Fortellinger og fagstoff i tradisjonell og multimodal form
Samfunnsfag	Forstå, utforske, tolke reflektere, søke målrettet etter informasjon, behandle, bruke informasjon, sammenligne informasjon frå ulike kilder, kritisk vurdere kilders relevans, troverdighet og formål.	Faglige tekster, visuelle framstillinger, bilder, film, tegninger, grafer, tabeller og kart.

²⁴ <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/lesing/god-leseopplaring--for-larere-pa-ungdomstrinnet/lesing-som-grunnleggende-ferdighet/>

Vedlegg 3: Lesing som grunnleggende ferdighet, Udirs matrise: Å kunne lese

Lesing som grunnleggende ferdighet, UDIRs matrise: Å kunne lese

Forberede, utføre og bearbeide:

Nivå 1

- Bruker forkunnskaper
- Skaffer seg overblikk over teksten før lesing
- Leser enkle tekster på papir og skjerm
- Bearbeider teksten med noe hjelp

Nivå 2

- Leser enkle tekster med flyt og utholdenhet
- Finner og Leser tekster på internett
- Stiller spørsmål til teksten
- Kan samtale om innholdet

Nivå 3

- Variere lese måte etter teksten og formålet med lesing i fag
- Leser og navigerer hensiktsmessig på Internett
- Bruker oppklarende strategier
- Bruker ulike metoder for å systematisere innhold

Nivå 4

- Bruker faglige og andre forkunnskaper aktivt
- Er bevisst og kritisk til lesing på papir og Internett
- Bearbeider teksten på selvstendig måte

Finne og hente ut:

Nivå 1

- Finner eksplisitt uttrykt informasjon som er sentralt plassert i enkle tekster

Nivå 2

- Kjenner igjen sentrale tekster i faget
- Finner eksplisitt uttrykt informasjon i tekster med konkurrerende informasjon
- Referere til kilder

Nivå 3

- Finner og kombinerer informasjon fra flere steder i tekster med konkurrerende informasjon
- Vurderer kilders troverdighet

Nivå 4

- Finner implisitt informasjon i komplekse tekster
- Bruker kilder på en kritisk og etterprøvable måte

Tolke og sammenholde:

Nivå 1

- Bruker egne ord og trekker egne slutninger ut fra informasjon i tekster

Nivå 2

- Identifiserer hovedtemaet og forstår sammenhenger som er tydelig uttrykt i en tekst

Nivå 3:

- Forstår innholdet som er implisitt uttrykt i tekster

Nivå 4

- Forstår tvetydigheter
- Oppfatter motstridende informasjon som står i motsetning til det forventede

Reflektere og vurdere:

Nivå 1

- Kommentere innhold i enkle tekster

Nivå 2

- Vurderer teksters innhold ut fra fagkunnskaper og egne erfaringer

Nivå 3

- Gir begrunnende vurderinger av form og faglig innhold i tekster.

Nivå 4

- Analysere og vurdere form og innhold på en kritisk måte
- Sammenligne og systematiserer informasjon i ulike faglige tekster

NORMER FOR FUNKSJONELL LESEHASTIGHET VED STILLELESING²⁵

Tallmateriale hentet fra Carlstenprøvene, utgitt i tidsrommet 1982 – 1993.

3. klasse (2. klasse da normering fant sted)

Lesehastighet: 25 – 50 ord per minutt

Leseforståelse: Bekymring dersom mer enn 25 % feil

4. klasse (3. klasse da normering fant sted)

Lesehastighet: minimum 50 ord per minutt

Leseforståelse: Bekymring dersom mer enn 20 % feil

5. klasse (4. klasse da normering fant sted)

Lesehastighet: minimum 70 ord per minutt

Leseforståelse: Bekymring dersom mer enn 15 % feil

6. klasse (5. klasse da normering fant sted)

Lesehastighet: minimum 80 ord per minutt

Leseforståelse: Bekymring dersom mer enn 15 % feil

7. klasse (6. klasse da normering fant sted)

Lesehastighet: minimum 100 ord per minutt

Leseforståelse: Bekymring dersom mer enn 15 % feil

8., 9. og 10. klasse (7., 8. og 9. klasse da normering fant sted)

Lesehastighet: minimum 100 ord per minutt

Leseforståelse: Bekymring dersom mer enn 15 % feil

Fra og med 6. klasse og oppover bør alle ha en lesehastighet på minimum 80 ord per minutt for å kunne oppnå god leseforståelse.

²⁵ Rettleiande hastighet, ulike tal Carlsten, LOGOS og Vokal

GJENNOMSNISSLIG LESEHASTIGHET VED HØYTLESING

Tallmateriale hentet fra den databaserte lesetesten LOGOS

- 3. klasse: 76 ord per minutt
- 4. klasse: 103 ord per minutt
- 5. klasse: 123 ord per minutt
- 6. klasse: 80 ord per minutt
- 8. klasse: 103 ord per minutt
- 10. klasse: 117 ord per minutt

Det at gjennomsnittlig lesehastighet for 6. klasse er lavere enn for 4. og 5. klasse i LOGOS, skyldes at tekstens vanskegrad blir mye vanskeligere fra 6. trinn av.

LOGOS-tallene ligger mye høyere enn Carlsten for kl. 3 – 5. Det kan skyldes flere forhold:

- 1) Muligens har snittet i lesehastighet gått opp de senere årene.
- 2) På LOGOS sin leseprøve skal eleven ikke streke under ord, dermed brukes ikke tid på det.
- 3) Tallene i LOGOS angir gj.snittet, ikke et minimumsnivå eleven bør ha. Minimumsnivået i LOGOS er nemlig angitt som standardavvik og ikke som antall ord per minutt.

Vedlegg 6: 100 høgfrekvente/vanlege ord - nynorsk

Oversett til nynorsk frå Lundberg og Herrlin, God leseutvikling, Cappelen Akademisk Forlag, 2008

100 høgfrekvente/vanlege ord - nynorsk

for	og	sidan	men	ut
det	siste	seg	sin	slik
som	kom	vil	denne	meir
er	tid	vi	må	mellom
til	sitt	vart	eller	fyrste
ein	dag	ved	to	der
av	norsk	kan	opp	sjølv
på	kjem	også	bli	her
at	alt	skal	berre	kvar
med	kva	så	få	kroner
dei	fekk	dette	noko	nye
når	oss	vert	nær	desse
har	ta	år	mot	får
ikkje	eg	nokon	etter	stor
eit	hadde	enn	mykje	mange
den	gong	vera	alle	nei
andre	om	over	inn	hans
går	frå	då	ha	seier
skulle	var	utan	kunne	sine
ville	han	vel	under	heile

220 vanlege/høgfrequente ord – nynorsk

no	både	godt	slike	halde
ja	heilt	folk	synast	komme
må	står	fram	altså	større
sa	medan	gjer	tida	saman
gå	teke	gjekk	minst	ligg
ny	like	kvar	liten	heller
sei	litt	ofte	saka	ganske
sjå	mann	form	i fjor	elles
la	hatt	heim	burde	seinare
før	i dag	sagt	dagen	ynskjer
vår	våre	kort	fullt	fleste
tre	side	lagt	heiter	einaste
bør	vårt	tonn	sette	gjerne
del	måte	best	neste	finn
ser	barn	land	slikt	finnast
tek	sat	mest	laga	hesten
veit	trur	unge	slutt	støtte
tok	sett	mykje	åra	lenger
min	eigen	store	lange	gammal
liv	gått	deira	knapt	søndag
eitt	nytt	rekke	meter	gonger
par	fram	viser	leggje	klasse
tru	fast	betre	søkjer	krigen
bak	møte	meiner	bjørn	stille
all	fire	stort	vegen	vidare
hus	lett	klart	eldre	mindre
små	rett	innan	brukt	særleg
mai	i går	aldri	lenge	landet
eine	ting	begge	blant	komme
syn	lang	finne	sjøve	verda
fru	klar	blitt	Noreg	stadig
ute	krav	ingen	att	nemleg
løp	føre	same	fordi	alltid
veke	fall	fleire	mogleg	norske
ein	fann	annan	gjort	difor
dei	tale	anna	kvart	Noregs
ho	endå	grunn	heldt	hittil
nok	bruk	langt	hjelp	held
ned	namn	måtte	kveld	riktig
meg	byen	beste	trass	gjorde
gir	lite	gamle	følgje	dermed
hjá	bort	helst	føre	viktig
ord	grad	kjent	stand	meining
veg	møye	plass	valt	stader
vore	viss	dagar	løpet	

Vedlegg 8: Nyttig faglitteratur og lenker

Nyttig faglitteratur

Tittel	Forfatter og utgjevar
Begrepsaktiviteter – læring av grunnleggende begreper	Kari Hole INFOVEST forlag, 2015
En veileder om begrepsinnlæring	Olaug A.Sæverud, Bente Ursin Forseth, Ernst Ottem og Fanny Platou, 2011. <i>Kan lastas ned frå statped.no</i>
God leseutvikling	I. Lundberg og K. Herrlin, Cappelen Damm, 2008
God leseutvikling i praksis	A. Hedenfalk, L. Munck og A. Palm, Cappelen Damm, 2011
God skriveutvikling	I. Lundberg, Cappelen Damm, 2009
Lese og skrive mer i matematikk	G. Fredheim og M. Trettenes, Gan Aschehoug, 2015
Lytt og fortell – 100 språkleker for små barn	Astrid Frylmark, INFOVEST forlag, 2008
Lære å lære	Carol Santa og L. Engen, Stiftelsen dysleksiforskning, 2003
Mer lesing i fagene	G. Fredheim og M. Trettenes, Gan Aschehoug, 2012
SOL - Språk og lek Språkleker for barn fra 2 til 9 år	Helle Iben Bylander og Inge Benn Thomsen, Special-pædagogisk forlag, 2008
Språkleker	J. Frost og A. Lønnegaard, Cappelen Damm, 1996
Språksprell i skolen	L. Olvik og A. M. Valle, Gyldendal undervisning, 2005
Start: Lesing og skrivning i fagene	G. Fredheim og M. Trettenes, Gan Aschehoug, 2013
Verdt å vite om Høytlesing	INFOVEST forlag, 2012

Nyttige lenker

Lesesenteret	Lesesenteret
Skrivesenteret	Skrivesenteret
Nynorsksenteret	Nynorsksenteret
Språkløyper	Språkløyper
Nynorskbok	nynorskbok.no/
Nasjonalbiblioteket	nb.no
Utdanningsdirektoratet	udir.no/
Kunstkultursenteret	kunstkultursenteret.no
Bibliofil	Bibliofil (app)
Øvingar høgfrekvente ord	hkskole.no
Framtida junior	Framtida junior
Nysgjerrigper	Nysgjerrigper
Matematikk.org	Matematikk.org
Naturfag	Naturfag
WorldWF	WWF
Pressreader	Pressreader (app)
Matstart	Matstart
Matopedia	Matopedia
Salaby	Salaby (lisens)
Lesemeister	Lesemeister (lisens)



Vindafjord kommune

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Telefon: 53 65 65 65 www.vindafjord.kommune.no

LESEPLANEN 1.-4 ER UTARBEIDA AV EI

ARBEIDSGRUPPE BESTÅANDE AV:

Anne Berit Haraldstveit, Bjoa skule
Tone Staurland, Imsland skule
Hilde Øyvor Larsen, Sandeid skule
Gro Berit Bjørnsen, Skjold skule
Beate Aarekol, Vats skule
Bergfrid Kolltveit, Vik skule
Anne Larsen Espevold, Vikedal skule
Astrid Førstund, Vågen skule
Hilde Pedersen Åsbø, Ølen skule
Guri Ravatn, Bibliotek
Liv Ingunn Heie Medhaug, PPT

LESEPLANEN 5.-7 ER UTARBEIDA AV EI

ARBEIDSGRUPPE BESTÅANDE AV:

May L. Sørhus Johannessen, Bjoa skule
Heidi Langeland, Sandeid skule
Gro Anette Vestre, Skjold skule
Lars S. Ohm, Vats skule
Mette Ørnes, Vikedal skule
Merete Velde, Vågen skule
Geir Johan Ellingsen, Vik skule
Monica Henriksen Leite, Ølen skule
Gro Anett Espevoll, skulerådgjever Vindafjord kommune